



EIGARSKAPSKONTROLL

ÅLESUND KOMMUNE

Eigarskapskontroll Ålesund kommune 2022

Rapport

JUNI 2022

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeforetak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA ligg på heimesida vår:

www.mrrevisjon.no

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne eigarskapskontrollen etter vedtatt bestilling frå kontrollutvalet i Ålesund kommune.

Kontrollen er gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk og NKRF sin standard for eigarskapskontroll RSK 002.

Rapporten er ei oppsummering av resultatane frå Møre og Romsdal Revisjons SA si undersøking om eigarskapskontroll i Ålesund kommune. Revisjonen er utført av Anne-Lise Roald og Marianne Hopmark i perioden januar til mai i 2022.

Vi ønsker å takke alle som har bidrege til denne eigarskapskontrollen.

Ålesund, 09.05.2022

Marianne Hopmark
Oppdragsansvarlig revisor

Anne-Lise Roald
Forvaltningsrevisor

SAMANDRAG

Møre og Romsdal Revisjon SA har på oppdrag frå kontrollutvalet i Ålesund kommune gjennomført kontroll av kommunens eigarskap og eigarstyring. Føremålet med eigarskapskontrollen er å undersøke korleis kommunen sine eigarinteresser i selskap vert utøvt, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det vert sett på korleis eigarstyringa er forankra og korleis ein i praksis følg opp dette i praksis i tråd med lover, reglar og tilrådingar for godt eigarskap.

Desse problemstillingane vart vedtekne:

1. Blir kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?
2. Blir kommunen sine eigarinteresser i Tafjord Kraft AS, Vekst Ørskog AS, ÅKP AS og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?

I rapporten er det brukt fleire metodar for å hente inn data. Rapporten er basert på data innhenta gjennom dokumentgjennomgang, intervju og skriftlege undersøkingar. I tillegg er det henta inn data frå opne kjelder, samt dokument og informasjon som er tilgjengeleg frå verksemdene og kommunen sine heimesider på internett.

Eigerskapsmeldinga til Ålesund kommune er grunnlaget for den første problemstillinga vi har sett på. Når det gjeld denne, er det revisor si oppfatning at denne er i tråd med krava i kommuneloven (2018). Eigarskapsmeldinga er også i tråd med det som KS tilrår som føringar for «god eigarstyring».

Den andre problemstillinga gjeld eigarstyringa i praksis. Vår vurdering er at kommunen stort sett etterlever dei sentrale retningslinjene for eigarstyring som kommunestyret har vedteke gjennom eigarskapsmeldinga, men at oppfølginga av Tafjord Kraft AS og ÅKP AS har vore noko tettare frå kommunen si side, enn for Vekst Ørskog AS og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.

Samla sett finn vi at Ålesund kommune si eigarstyring og oppfølging av eigarskap har gode rammer for gjennomføring, men der er framleis nokre områder som kan styrkast i det operative arbeidet knytt til plassering av ansvar for oppfølging og fastsetjing av regelmessige møtepunkt for eigardialog. Kommunen kan også systematisk sjå til at det er nok kompetanse i styre og leiing om lover og reglar som gjeld særleg for verksemdar med offentleg eigarskap, til dømes knytt til offentlegheit og innkjøp av varer og tenester.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

INNHOOLD

1. INNLEIING.....	1
1.1. Føremål, bakgrunn og bestilling.....	1
1.2. Problemstilling.....	1
1.3. Revisjonskriterium.....	2
1.4. Metode.....	2
1.5. Oppbygging av rapporten	3
2. ÅLESUND KOMMUNE OG EIGARSKAP	4
2.1. Ålesund kommune sitt eigarskap.....	4
2.2. Om strukturen i Ålesund kommune si eigarskapsmelding	4
2.3. Organisasjon- og selskapsformer	5
3. PROBLEMSTILLING 1- GENERELL DEL.....	6
3.1. Føringer og oppfølging av eigarskap	7
3.2. Vurdering.....	10
4. PROBLEMSTILLING 2 – SPESIELL DEL	11
4.1. Revisjonskriterium.....	11
4.2. Tafjord Kraft AS	11
4.3. Vekst Ørskog AS.....	13
4.4. ÅKP AS	15
4.5. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.....	16
5. KONKLUSJON.....	18
REFERANSELISTE.....	19
VEDLEGG 1: HØYRINGSSVAR.....	20
VEDLEGG 2: UTGREIING AV REVISJONSKRITERIUM	21
VEDLEGG 3: OVERSIKT OVER ÅLESUND KOMMUNE SITT EIGARSKAP	24
VEDLEGG 4: RUTINAR FOR GENERALFORSAMLING	27
VEDLEGG 5: KS SINE ANBEFALINGAR	29
VEDLEGG 6: STYREHONORAR OG LØN TIL LEIANDE TILSETTE	30
VEDLEGG 7: SPØRSMÅL I UNDERSØKINGAR.....	34

1. INNLEIING

1.1. FØREMÅL, BAKGRUNN OG BESTILLING

1. desember 2021 bestilte kontrollutvalet i Ålesund kommune ein prosjektplan for ein ny eigarskapskontroll. Prosjektplanen vart vedteken i kontrollutvalet sitt møte 26.01.2022. Eigarskapskontrollen er prioritert i plan for eigarskapskontroll 2020-2024. Eigarskapskontrollen skal gjennomførast i tråd med kommuneloven § 23-2 første ledd bokstav d, § 23-4, § 23-6 og § 24-2 første ledd samt forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5. Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

Prosjektet sitt føremål er å sjå på korleis kommunen sine eigarinteresser i selskap vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det vert sett på korleis eigarstyringa er forankra og korleis det einskilde eigarskap (føretak) vert følgt opp reint praktisk. Prosjektet om kommunen si eigarskapsforvaltning er ikkje ein selskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av dei einskilde selskap, men ein kontroll av kommunen sin eigaroppfølging av alle selskap. Kontrollutvalet sine føringar for eigarskapskontrollen er at den skal undersøke korleis kommunen utfører sitt eigaransvar, med særleg fokus på Tafjord Kraft AS, Vekst Ørskog AS, ÅKP AS og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.

1.2. PROBLEMSTILLING

Den første problemstillinga rettar seg inn mot å sjå på korleis kommunen sine eigarinteresser er utforma, kommunisert og etterlevd på overordna nivå. Ein ser på om det er etablert tydelege føringar for eigarskapet, om dette blir følgt opp samt om det er lagt til rette for at kommunen sitt eigarskap kan utførast i tråd med dei etablerte reglane og tilrådingane for eigarskapsstyring.

1. Blir kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?

- a. Har kommunen etablert tydelege føringar for sitt eigarskap (selskap)?
- b. Har kommunen etablert føremålstenlege reglar og rutinar for eigarskapsoppfølginga, mellom anna føringar og rapporteringar mellom kommunestyret og eigarrepresentantar?
- c. Forvaltast kommunen sitt eigarskap i tråd med dei etablerte reglane?

Den andre problemstillinga ser særleg på korleis eigarskap blir utført i praksis. Føl kommunen opp dei retningslinjene for eigarstyring som ein sjølv har vedteke? Her har ein sett nærare på fire utvalde selskap. To aksjeselskap der ein eig større aksjepostar, eitt heileigd aksjeselskap, samt eitt IKS.

- 2. Blir kommunen sine eigarinteresser i Tafjord Kraft AS, Vekst Ørskog AS, ÅKP AS og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?**
- a. Har kommunen etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?
 - b. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - c. I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapet i samsvar med krav i aksjelova og IKS-loven?
 - d. I kva grad har kommunen sikra god samansetning av styret?
 - e. I kva grad har kommunen følgd opp selskapet i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?
 - f. I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?

1.3. REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunngitt i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir.

Som kjelder for revisjonskriteria har vi skilt mellom problemstilling 1 og 2.

Problemstilling 1 rettar seg mot kommunens eigarskapsmelding, og om denne er i samsvar med lovkrav og tilrådingar på området. Her finn vi grunnlaget for revisjonskriterium i Lov om kommuner og fylkeskommuner (2018) sine krav til kommunene sine eigarskapsmeldingar, og i KS sine tilrådingar «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll». Vi finn også grunnlaget i Ålesund kommune si eigarskapsmelding.

Problemstilling 2 rettar seg mot om kommunen sjølv fyl opp vedtekne retningslinjer for eigarstyring. Her finn vi grunnlaget for revisjonskriterium i kommunen si eigarskapsmelding, samt i Lov om interkommunale selskaper (1999) og Lov om aksjeselskaper (1997).

1.4. METODE

Denne kontrollen er gjennomført i samsvar med reglane i kommuneloven om kontrollutvalet sine rettar til innsyn i, og kontroll av, selskap som er definert i kommuneloven § 23-6. I tillegg gjeld §§ 24-2 samt § 24-10 om revisors rettar og plikter. Eigarskapskontrollen er utført i tråd

med god kommunal revisjonsskikk. Gjeldande standard for eigarskapskontroll er RSK 002 som er utarbeidd av NKRF.

Vi har gått gjennom kommunens eigarskapsmelding og andre saksdokument, hatt møter og innhenta informasjon frå kommunedirektør, ass. kommunedirektør, politisk sekretariat, eigarskapsutvalet, ordførar samt innhenta eigenerklæringar og utdjupande informasjon frå dagleg leiar og styret i dei fire utvalde verksemdene. Vi har sendt ut spørjeskjema til personar som har møtt som eigarrepresentant etter delegasjon. På spørjeundersøkingar har vi fått 100% svaropplutnad, sett vekk frå undersøkinga som gjekk ut til eigarrepresentantane, som fekk 50% opplutnad. Ei forklaringsårsak kan vere at det ikkje fanst oppdatert oversikt over kven som har møtt som eigarrepresentant i 2021. Det er slik ikkje sikkert at rette vedkomande har motteke undersøkinga. Vi fekk inn namn på fire representantar. Ein representant svarte for éi verksemd, og ein anna representant svarte for tre verksemdar. Vi tel ikkje med selskap der ordførar har møtt, då denne undersøkinga ikkje gjekk ut til ordførar. Det vart i staden gjennomført møte og intervju med ordførar, knytt til den samla eigarskapsoppfølginga til kommunen.

Vi har også innhenta dokumentasjon frå kommunen om kva system, rutinar og retningslinjer som er etablert for å ivareta lov- og forskriftskrav for eigarskap. Vi har i tillegg henta dokumentasjon frå sak/arkiv-systemet til kommunen, samt frå Brønnøysundregistrene. Faktaopplysningane vi har samla inn er vurdert opp mot dei valde revisjonskriteria. Ei slik metodetriangulering vil styrke undersøkinga sitt truverd og redusere risikoen for feil. Det er revisor si vurdering at det er henta inn data i tilstrekkeleg omfang til å kunne svare på problemstillingane, med underspørsmål. Etter vår meining er datamaterialet som er samla inn og brukt i rapporten pålitelege og gyldig, og gir eit korrekt bilde av situasjonen. Ut frå vår vurdering gir dette eit forsvarleg grunnlag for våre vurderingar og konklusjonar.

Det vart gjort eit oppstartsmøte for prosjektet med kommunedirektør og stab 16. februar 2022, og med eigarskapsutvalet i Ålesund kommune under leiing av ordføraren 7. mars 2022. Orienteringsskriv vart sendt ut til dei undersøkte verksemdene 2. mars 2022. Revisjonen har sendt rapporten til faktasjekk hos informantane, samt på høyring hos ordførar. Nokre mindre opplysningar om selskapa er justert etter faktasjekk. Det har ikkje kome kommentarar eller endringar etter høyring.

1.5. OPPBYGGING AV RAPPORTEN

Rapporten er delt inn i 5 kapittel. Kapittel 1 og 2 er innleiing til rapporten, samt gjennomgang av Ålesund kommune sitt eigarskap og eigarskapsmelding. I kapittel 3 og 4 svarar vi ut problemstillingane i bestillinga, og i kapittel 5 presenterer vi konklusjonen.

2. ÅLESUND KOMMUNE OG EIGARSKAP

2.1. ÅLESUND KOMMUNE SITT EIGARSKAP

Ålesund kommune er den største kommunen i Møre og Romsdal og den største byen mellom Bergen og Trondheim. Frå 1. januar 2022 vart dei tidlegare kommunane Ålesund, Haram, Sandøy, Skodje og Ørskog slått saman til Ålesund kommune.

Basert på kommunen si eigarskapsmelding, supplert med oppdaterte opplysningar frå administrasjonen og eigarskapsutvalet, har Ålesund kommune eigarskap 10 heileigde selskap, 5 selskap med eigardel på 50% eller meir, 17 deleigde selskap med eigardel under 50%, samt 6 interkommunale selskap. I tillegg har ein 4 kommunale føretak, og ei rekkje føretak med anna organisasjonsform der Ålesund kommune er med i ulik grad. Samla oversikt over alle interesser ligg i vedlegg 3.

Ålesund kommune har vedteke å ha eit eige politisk oppnemnd fast utval, som har ansvar for eigarskapsoppfølging mellom representantskapsmøte og generalforsamlingar. Kommunen har også ei eiga valnemnd, som utnemner styrekandidatar til kommunen sine heileigde selskap.

2.2. OM STRUKTUREN I ÅLESUND KOMMUNE SI EIGARSKAPSMELDING


Eigarskapsmeldinga til Ålesund kommune er tredelt:

- ✓ I den generelle delen finn vi føringar for overordna eigarskapspolitikk, prinsipp for eigarstyring, overordna mål og forventningar.
- ✓ Nest kjem den spesielle delen, der ein får ein oversikt over Ålesund kommune sine eigarposisjonar og nærare omtale om føremål og eigarstrategi for eit utval av føretaka.
- ✓ Til sist i meldinga, finn vi ei oversikt over politiske og administrative roller og ansvar, kontaktpunkt for føretaka, og årshjul for kommunen si oppfølging av eigarskap.

2.3. ORGANISASJON- OG SELSKAPSFORMER

Kommunane kan velje å organisere si eiga verksemd på ulike måtar. Under viser figuren korleis ulike former for organisering har ulik grad av sjølvstyre.

Samarbeidsformer og graden av sjølvstyre:



Modellen syner på ein forenkla måte korleis alternative føretaksmodellane har aukande grad av sjølvstyre. Pila si retning syner og aukande behov for eigarstyring gjennom overordna prinsipp. Dette er årsaka til behovet for ei god eigarskapsmelding og eigarstyring.

Kjelde: Ålesund kommune si eigarskapsmelding (2021)

Denne rapporten går på den generelle eigarskapen til Ålesund kommune, og på selskap som er organisert som AS og som IKS.

AS – aksjeselskap styrt av aksjelova. Føretaket sitt øvste eigarorgan er generalforsamlinga, og her vert den øvste mynda til føretaket utøvd.

IKS - interkommunalt selskap (styrt av lov om interkommunale selskap. IKS er eit sjølvstendig rettssubjekt og skal opptre i eige namn). Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmar i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett ovanfor sine medlemmar i representantskapet.

3. PROBLEMSTILLING 1- GENERELL DEL

Den første problemstillinga ser på om kommunen har etablert eit regelverk og system som legg til rette for ei eigarstyring i tråd med intensjonen i lover, reglar, tilrådingar og politiske vedtak. Her ser ein mellom anna på kommunen si eigarskapsmelding, og om denne er i tråd med kommuneloven av 2018 sine krav til kommunene sine eigarskapsmeldingar, og KS sine anbefalingar. Den første problemstillinga ser med andre ord på den generelle delen av Ålesund kommune sine føringar for eigarskap. Den første problemstillinga i rapporten er:

Blir kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?

Spørsmål som vi mellom anna vil svare ut i undersøkinga er om kommunen har etablert tydelege føringar for eigarskapet sitt. Deretter ser vi på om kommunen har reglar og rutinar for korleis eigarskapet skal utøvast i praksis, mellom anna korleis rapporteringa skjer mellom kommunestyret og eigarrepresentantar. Problemstillinga skal svare ut om kommunen har lagt til rette for at eigarskapet kan forvaltast i tråd med dei etablerte reglane, og om dette blir gjennomført i praksis.

For å svare ut problemstillinga har vi gått gjennom eigarskapsmeldinga til Ålesund kommune, dokument med føringar for rapporteringsrutinar, årshjul for eigaroppfølging, samt henta inn informasjon frå kommunedirektør med stab, samt ordførar og eigarskapsutval. Vi har også henta inn informasjon frå utsendt spørjeundersøking til personar som har møtt som eigarskapsrepresentantar i 2021, samt til selskapa sjølv ved styret (styreleiar) og dagleg leiar. Grunnlag for innhenta informasjon finst som vedlegg 7.

3.1. FØRINGAR OG OPPFØLGING AV EIGARSKAP

EIGARSKAPSMELDING

Kommunen sitt ansvar for ein tydeleg eigarskapspolitikk kjem klart fram i kommuneloven (2018).

§ 26-1. Eierskapsmelding

Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eigarskapsmeldinga skal i følge kommunelova (2018) innehalde:

- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- Ein oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemdar som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- Kommunen sine føremål med eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemdene

Funn:

Ålesund kommune har eigarskapsmelding som vart vedteken i kommunestyret 22.4.2021 – sak 54/21.

I den første delen av eigarskapsmeldinga blir det greidd ut om overordna mål for alt eigarskap, samt dei overordna prinsippa for eigarstyring. I del to finn ein oversikten over alle interesser som kommunen har i ulike føretak. I same del finn ein oversikt over fakta, føremål og eigarstrategi for utvalde føretak. Det er gjort avgrensingar, der selskap kommunen omtalar utvalde selskap med eigne faktaark i eigarskapsmeldinga. I den siste delen finn ein oversikt over roller, ansvar samt århjul for eigarstyring.

Vurdering:

Vi vurderer at Ålesund kommune har etablert tydelege føringar for sitt eigarskap.

OPPFØLGING AV EIGARSKAP

I dette punktet vil vi sjå om kommunen har etablert føremålstenlege reglar og rutinar for eigarskapsoppfølginga, mellom anna føringar og rapporteringar mellom kommunestyret og eigarrepresentantar. Samt om kommunen forvaltar sitt eigarskap i tråd med dei etablerte reglane. Vi har tatt utgangspunkt i eigarskapsmeldinga til Ålesund kommune, del 3 «Roller, ansvar og årshjul for eigarstyring», og har valgt ut nokre punkt for avsjekk hos kommunedirektør og ordførar. Vi har også stilt spørsmål til verksemdene om korleis dei opplever oppfølginga frå kommunen, og har gjort ei kartlegging basert på KS si tilråding om eigarskapsoppfølging. Detaljert oversikt over spørsmål som er stilt til ordførar, kommunedirektør og eigarskapsrepresentantar¹ ligg som vedlegg 7.

FUNN:

Ordførar:

Eigarhelsing frå ordførar til kommunen sine selskap ved starten av året er enno ikkje sett i gang, men er under planlegging. Ordførar trekk fram at kommunen bør få på plass betre rutinar for å hente inn eigenevalueringar frå styra i verksemdene.

Formannskapet er generalforsamling for heileigde aksjeselskap, og dette fungerer bra. Men ein bør finne eit system for andre verksemdar, då det er litt for tilfeldig kven som blir utsending. Dette bør vere den same heile perioden, og det er naturleg at det er medlemmar i eigarskapsutvalet som har denne rolla. Ansvaret bør fordelast mellom utvalsmedlemmene.

Ordføraren opplyser om at det blir gjennomført fleire og fleire fag/tematiske dialogmøter med verksemdene, og ordførar vil gjerne ta del i desse. ÅKP AS kjem til kommunane, og energiselskapa er flinke til å ta kontakt. Ein må likevel få på plass ein betre struktur for å sikre gjennomføring av slike møter på ein planmessig måte.

Når det kjem til gjennomføring av eigardag med kommunestyret, så viser ordføraren til viktigheita ved at politkarane får kunnskap om verksemdene kommunen har eigarskap i. Det er ikkje planlagt ein slik dag i 2022, men ein vil gjere nokre grep for å få til dette på sikt.

Ordførar opplyser om at det har blitt gitt opplæring av styrearbeid etter oppnemning, og at det blir gjennomført folkevaldopplæring. Det har også vore gjennomført kurs i styrearbeid.

¹ Spørjeundersøkinga for eigarskapsrepresentantar vart sendt ut til alle som administrasjonen hadde oversikt over, utanom selskap der ordførar har møtt sjølv eller der formannskapet er generalforsamling.

Kommunedirektør:

Kommunedirektøren ved ass. kommunedirektør informerer om at det blir stilt med ressursar til eit eigarsekretariat. Per dato er ansvaret for å koordinere sekretariatsarbeidet lagt delvis til politisk sekretariat, samt til assisterande kommunedirektør. Administrativt følgjer ein opp kommunen si vedtekne eigarskapsmelding, og ivaretek kommunens direkte tenestedialeg med føretaka. Kommunedirektøren førebur saker til politisk nivå om utforming av eigarskapsmelding, eigarstrategiar og føretaksvedtekter, eller andre saker som krev særskilt fokus frå føretaket sin eigar.

Kommunedirektøren sikrar at styrebehandla (vedtekne) budsjettforslag blir fremma som ein del av kommunedirektørens budsjett- og økonomiplan, samt at føretaka si rapportering følg kommunens økonomirapportering og årsmelding. Dette gjeld i hovudsak kommunale føretak, og her er det gode rutinar.

For dei største selskapa, som t.d. Tafjord Kraft er det utarbeidd utbytteforventningar som vert kommunisert til føretaka sine styrer i dei føretaka der det er aktuelt med utbytte, i tråd med eigarstrategiar som vert vedtatt. I andre føretak med føremål om utbytte er det sendt signal gjennom eigarskapsmelding, men ikkje konkretisert ovanfor kvart enkelt selskap.

Verksemdene:

Verksemdene rapporterer at dei i varierende grad er kjend med strategi for eigarskap som er definert for deira verksemd i Ålesund kommune si eigarskapsmelding. Det er tre av dei førespurde verksemdene som har eigen strategi i eigarskapsmeldinga. To av verksemdene melder om at dei er godt kjende med strategien, og den siste verksemda svarar at dei ikkje er godt nok kjend med strategien og gjerne vil oppdaterast på dette i fellesmøte med kommunen sin representant.

Tre av dei fire førespurde selskapa opplyser i sine eigenerklæringar at verksemda har innarbeidd tydelege mål og strategiar for berekraftig verdiskaping. Det fjerde selskapet opplyser om at dette er delvis gjort.

Tre av dei fire verksemdene seier at dei har fast(e) representant (ar) frå Ålesund kommune som føl opp eigarskapen i verksemda. To av verksemdene gjennomfører jamlege eigarmøte med Ålesund kommune. Ei av verksemdene har plan om eigarmøte i 2022, og den fjerde verksemda har gjennomført eigarmøte i 2022, men ønskjer struktur med jamne og faste møter.

Tre av dei fire verksemdene rapporterer om fast oppfølging frå assisterande kommunedirektør. Alle dei fire verksemdene opplever kontakten med Ålesund kommune som god, og tre av dei fire har uttrykt dette som ein særleg kommentar i undersøkinga.

3.2. VURDERING

Vår vurdering er at kommunen sitt eigarskap i stor grad blir forvalta i tråd med føringane i eigarskapsmeldinga for Ålesund kommune og KS sine tilrådingar for eigarskap. Ein har samstundes nokre områder der ein kan få ei meir rutinemessig og tettare oppfølging og dialog med selskapa, mellom anna gjennom utnemning av faste eigarskapsrepresentantar og rutinemessige møteplassar for dialog. Oversikt over kven som har møtt ved delegasjon bør utarbeidast og haldast oppdatert.

4. PROBLEMSTILLING 2 – SPESIELL DEL

Den andre problemstillinga i rapporten er knytt til ei nærare undersøking av fire utvalde selskap der kommunen har eigarinteresser. Selskapa er vald ut av kontrollutvalet i Ålesund kommune. Selskapa er ulike, og kan representere eit utval basert på art, storleik, geografisk lokasjon, føremål og selskapsform. Problemstillinga som skal utgreiast er:

Bli kommunen sine eigarinteresser i Tafjord Kraft AS, Vekst Ørskog AS, ÅKP AS og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?

For å svare ut denne problemstillinga vil ein mellom anna sjå om kommunen har etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, eigne vedtak og rutinar. Ein vil også sjå nærare på om det er etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet, og i kva grad det er etablert ei eigarstyring av selskapet i samsvar med krav i aksjelova og IKS-loven. Nokre av dei punkta ein også vil sjå på er mellom anna om kommunen føl opp selskapet i samsvar med eigne rutinar og dei føringane som eventuelt er gitt til selskapet.

4.1. REVISJONSKRITERIUM

Problemstilling 2 rettar seg mot om kommunen sjølv føl opp vedtekne retningslinjer for eigarstyring. Her finn vi grunnlaget for revisjonskriterium i kommunen si eiga eigarskapsmelding, samt i Lov om interkommunale selskaper (1999) og Lov om aksjeselskaper (1997). I tillegg ser vi på KS sine tilrådingar om eigarstyring.

4.2. TAFJORD KRAFT AS

OM SELSKAPET

TAFJORD er eit energi- og kommunikasjonskonsern på Nordvestlandet. I følgje årsrapport for 2021 inneheld konsernet eit morselskap, Tafjord Kraft AS, samt to heileigde datterselskap, Tafjord Kraftproduksjon AS og Tafjord Kraftvarme AS. I tillegg det deleigde datterselskapet Tafjord Connect AS (80%), det felleskontrollerte selskapet Mørenett AS (50,68%) og dei tilknytta selskapa Wattn AS (36,73%) og Svelgen Kraft Holding AS (34%).

Selskapet er eigd av Ålesund kommune (52,6%), Eviny AS (43,1%) og Fjord kommune (4,3%).

Konsernet TAFJORD har fire verksemdsområder; vasskraft, energigjenvinning, telekom og kraftnettverk. Selskapet har 20 heil- og deleigde vasskraftverk. Gjennom fjernvarmeanlegg i

Ålesund blir det årleg energigjenvunne 100 000 tonn avfall frå heile Møre og Romsdal. Både i eigen regi, og i samarbeid med andre e-verk bygg TAFJORD ut fiberinfrastruktur og tilbyr fiberbaserte breibandstenester til kundar i Møre og Romsdal.

Rekneskapen viser eit positivt driftsresultat på kr 448 mill. Utbytte setjast på grunnlag av resultat etter skatt, og av 180 mill. vart utbytte sett til kr. 70 mill.

Administrerande direktør er Erik Espeseth.

Styreleiar er Anne Breiby.

Det er i følgje administrasjonen oppnemnt faste utsendingar til generalforsamling for Tafjord Kraft AS for valperioden 20219 – 2023. Desse er:

Eva Vinje Aurdal

Vebjørn Krogsæter

Dag Olav Tennfjord

Røysterett for Ålesund kommune er gitt til: Eva Vinje Aurdal.

FUNN

Det er etablert ein eigarstrategi med mål og krav til verksemda, og denne er kjend for verksemda si leiing. Ordførar er oppnemnd til fast utsending til generalforsamling, og røysterett er gitt i eige vedtak i Ålesund formannskap for heile valperioden 2019-2023.

Når det gjeld krav til styringsdokument og eigarorgan i aksjelova (2019), har vi sett på vedtekter, innkalling og saksliste til generalforsamling for 2021. Ut frå våre funn og stikkprøver er det ikkje merknader til dette.

Styreleiar i Tafjord Kraft AS opplyser at styret gir innspel til valkomitéen når det gjeld styret si samansetning, kompetansebehov og rekruttering av styremedlemmer. Deretter fremjar valkomitéen innstillinga si overfor generalforsamlinga. Representantar frå dei to største eigarane, Ålesund kommune og Eviny er medlemmar i valkomitéen. Leiar i Ålesund kommune sin valkomité er også leiar i Tafjord sin valkomité. Det blir gitt tilbod om opplæring i styrearbeid, og det er gjort prinsipielle avklaringar når det kjem til styrehonorar.

Godtgjering til styret blir fastsett av generalforsamling. Aksjonærvalde styremedlemmer har ikkje varamedlemmer. Styremedlemer vald av dei tilsette har personlege varamedlemmer. Styret gjennomfører eigenevaluering. Det er etablert styreforsikring. Styremedlemene er ikkje registrert i KS sitt styrevervregister.

Verksemda opplever kontakten med Ålesund kommune som god. Dei opplever at politisk og administrativ leiing i Ålesund kommune har tillit til at selskapet vert styrt på ein tilfredsstillande måte.

Ordførar har møtt som eigarrepresentant i generalforsamling. Det er også opplyst at energiselskapa er flinke til å ta kontakt. Det blir gjennomført møter mellom kommunen og verksemda ved behov.

Saker som skal til orientering til kommunen blir sendt ut frå selskapet til kommuneadministrasjonen og lagra i sak/arkiv-systemet.

VURDERING

Basert på innhenta informasjon er det vår vurdering at kommunen har etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar, og at kommunen har etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet.

4.3. VEKST ØRSKOG AS

OM SELSKAPET

Vekst Ørskog AS er ei vekstbedrift i Ålesund kommune, som vart stifta i 2004. Verksemda var tidlegare eigd av dåverande Ørskog kommune. Verksemda opplyser på si heimeside at dei er totalt 19 tilsette. Hovudkontoret ligg ved Sjøholt i tidlegare Ørskog kommune.

Vekst Ørskog AS har i dag 15 VTA-plassar (Varig Tilrettelagt Arbeid). Oppgåva til selskapet er å legge til rette arbeidsoppgåver og tenester som er tilpassa menneske som av ulike grunnar ikkje kan ta del i den ordinære arbeidsmarknaden, eller som treng eit tilbod om hjelp og trygge rammer i ein overgangsfase til ordinært arbeid.

Verksemda tilbyr tenester innan møbel og trevirke, drift av miljøstasjon, transportarbeid og ulike former for produksjon, montering og pakking av utvalde produkt.

Rekneskapa for 2020 viser eit overskot på kr 507 010.

Dagleg leiar er Rune Westerås.

Styreleiar er Marit Sissel Hellevik.

FUNN

Våre funn viser at det er etablert ein eigarstrategi med mål og krav til verksemda, og denne er kjend for verksemda si leiing. Formannskapet er generalforsamling. Når det gjeld krav til styringsdokument og eigarorgan i aksjelova (2019), har vi sett på vedtekter, innkalling og saksliste til generalforsamling for 2021. Ut frå våre funn og stikkprøver er det ikkje merknader til dette.

Styreleiar i Vekst Ørskog AS opplyser at det ved rekruttering av styremedlemer blir lagt vekt på politisk engasjement, økonomikompetanse og kjennskap til bedrifta. Det blir opplyst om at det per no er erfarne styremedlemer som kjenner til styrearbeid og reglar, og styret gjennomfører eigenevaluering. Det er ikkje krav om varamedlemer ut frå vedtektene. Prinsipielle avklaringar av styrehonorar er under arbeid, men har ikkje vore eit tema etter kommunesamanslåinga. Det er ikkje etablert styreansvarforsikring. Verksemda har ikkje utarbeidd rutinar for vurdering og handtering av habilitet i verksemda.

Verksemda opplever kontakten med Ålesund kommune som god. Dei opplever at dei får god oppfølging frå assisterande kommunedirektør.

Selskapet skal som heileigd AS følgje «Rutinar for generalforsamling i kommunen sine heileigde aksjeselskap».

- 1) *«Styret gjennomfører den pålagte sjølvevalueringa i tråd med eigarmeldinga, behandlar resultatet i styret og skriv ei oppsummering som sendes assisterande kommunedirektør og leiar av valnemnda. Frist for innsending av oppsummeringa er utgangen av februar.»*

Saker som skal til orientering til kommunen blir som hovudregel sendt ut frå selskapet til kommuneadministrasjonen og lagra i sak/arkiv-systemet. Vi gjennomførte ei stikkprøve frå første punkt som vist over, og har fått tilbakemelding frå administrasjonen i kommunen at ei slik sjølvevaluering med oppsummering ikkje er motteke per 21.04.2022. Selskapet har sendt oss dokumentasjon på at slik sjølvevaluering innan fristen er sendt inn til ei personleg e-postadresse til representant for kommunen.

Leiinga ønskjer som heileigd aksjeselskap meir avklaring og opplæring frå kommunen om offentleglova (2006), samt anskaffelsesloven (2016).

VURDERING

Vi finn at kommunen i stor grad har følgd opp selskapet i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet, og at kommunen har etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet. Kommunen må forankre kjennskap og rutinar for innsending av informasjon til kommunen i heile organisasjonen og for ulike representantar, slik at ein sikrar at dokument kjem inn i sak/arkiv-system.

4.4. ÅKP AS

OM SELSKAPET

ÅKP i følge årsmelding 2020, eit innovasjonsselskap på Sunnmøre, og har som føremål å tilretteleggje, utvikle og drive forsknings-, utviklings- og etablererpark for kommersialisering av produkt- og forretningsidear samt nyskaping og verksemd i samband med dette. ÅKP har hovudkontor på Campus i Ålesund. Selskapet hadde 17 tilsette ved utgangen av 2020.

Arbeidet til ÅKP er i følge heimesida til verksemda delt inn i fire hovudkategoriar. Entreprenørskap, Innovasjonsprosjekter/prosjekter, Klynger og nettverk og Innovasjonsinfrastruktur.

Selskapet arbeider med rådgivingstenester og tilrettelegging for gründarar og verksemder med nyskappingsprosjekt. Selskapet har aktivitetar kring rekruttering og styrking av vertskapsattraktiviteten til regionen, med mål om at regionen skal trekkje til seg kompetanse, verksemder og investorar. Utvikling av Campus Ålesund til å bli Noregs mest fullintegrert lærings- og innovasjonsarena, i samspel med næringsliv, offentleg sektor og akademia er også ei av oppgåvene til selskapet. Samla sett skal synkroniseringa av alle tilboda og aktivitetane bygge opp under næringsutvikling saman med kommunene og næringslivet i regionen.

Selskapet er eigd av SIVA² (23,95%), Ålesund kommune (20,36%), Sparebanken Møre (11,98%) samt ei rekkje bankar og private verksemder med mindre aksjepostar under 5%.

Rekneskapen for 2020 viser eit positivt driftsresultat på kr 1 533 969,-.

Dagleg leiar er Per Erik Dalen.

Styreleiar er Gunnar S. Hareide.

Det er i følge administrasjonen ikkje utnemnt faste eigarskapsrepresentantar for verksemda.

FUNN

Det er etablert ein eigarstrategi med mål og krav til verksemda, og denne er i noko grad kjend for verksemda si leiing. Når det gjeld krav til styringsdokument og eigarorgan i aksjelova (2019), har vi sett på vedtekter, innkalling og sakliste til generalforsamling for 2021. Ut frå våre funn og stikkprøver er det ikkje merknader til dette.

² Selskapet for industrivekst SF

Styreleiar i ÅKP AS opplyser at selskapet har ein eigen valkomité som vurderer samansetning etter bestemte reglar, inkludert eigarskap, kompetanse, kapasitet og mangfald.

Det blir gitt tilbod om opplæring i styrearbeid, og det er gjort prinsipielle avklaringar når det kjem til styrehonorar. Det er personlege varamedlemer til styret. KS tilrår numeriske. Styret gjennomfører eigenevaluering. Det er etablert styreforsikring. Styremedlemene er ikkje registrert i KS sitt styrevervregister. Verksemda opplever kontakten med Ålesund kommune som god.

Saker som skal til orientering til kommunen blir sendt ut frå selskapet til kommuneadministrasjonen og lagra i sak/arkiv-systemet.

VURDERING

Basert på innhenta informasjon er det vår vurdering at kommunen i hovudsak har etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar, og at kommunen har etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet.

4.5. INTERKOMMUNALT ARKIV FOR MØRE OG ROMSDAL IKS

OM SELSKAPET

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS er ei interkommunal verksemd eigd av alle kommunane i Møre og Romsdal, samt Møre og Romsdal fylkeskommune og Rindal kommune. Verksemda har 33 tilsette, av desse 22 fast tilsette. Hovudkontoret ligg i Ålesund.

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKA) skal i følgje årsmelding 2021 arbeide for at arkivmateriale frå medlemne eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova. I tillegg skal selskapet vere depotinstitusjon for medlemne sine melde- og konsesjonspliktige arkiv i høve til Personopplysingslova.

Selskapet utfører arbeid for den einkilde medlem som står i høve til medlemen sin del av driftstilskotet, samt vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv. Selskapet kan også ta på seg betalte konsulentoppdrag dersom det finst ledig kapasitet.

IKA har som selskap også fått ansvaret for Kulturnett Møre og Romsdal, FylkesFOTOarkivet og SEDAK (Fylkessenter for Digitalisering av Kulturarven). Desse oppgåvene er lagt til dei av Møre og Romsdal fylkeskommune (IKA, 2022).

Rekneskapen for 2021 viser eit negativt driftsresultat på kr -324.107,-.

Dagleg leiar er Jesper Sode Hansen.

Styreleiar er Ottar Brage Guttelvik, som erstattar Perry Ulvestad frå 22.04.2022.

I sak 026/20 i Ålesund kommunestyre vart selskapsavtale for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS godkjent, gjeldande frå 01.01.2020.

Til representantskapet for valperioden 2019-2023 vart Lisa Alvestad, SP vald som medlem.

FUNN

Det er ikkje etablert ein eigen eigarstrategi med mål og krav til verksemda.

Når det gjeld krav til styringsdokument og eigarorgan i IKS-loven (1999), har vi sett på selskapsavtale, innkalling og saksliste til møte i representantskapet for 2022. Ut frå våre funn og stikkprøver er det ikkje merknader til dette.

Styreleiar (fram til 22.04.22) i IKA opplyser at valnemnda innstiller på kandidatar til styret. Det vert gjort ei vurdering av kompetanse, samt kjønnsbalanse.

